



Bømlo
kommune

Rettleiar for bruk av Sosiale media

PS 64/2013 Vedteken i Kommunestyret 23.09.2013

Rettleiar for bruk av Sosiale media i Bømlo kommune

Kundetorget skal ha si eiga Facebook-side og opne opp for e-dialog med innbyggjarane våre og andre. Bømlo Folkebibliotek har i lengre tid vore på Facebook og Twitter, og Turistinformasjonen og Bømlo Ungdomsråd på Facebook. Mange av våre tilsette er til liks med resten av befolkninga aktive brukarar av sosiale medier.

For det første er det positivt at tilsette i Bømlo kommune som privatpersonar har kjennskap til og er aktive i sosiale media. Bømlo kommune ynskjer ikkje å legge føringar på korleis tilsette som privatpersonar vel å delta i sosiale media.

Likevel kan det vere verdt å tenke gjennom korleis du brukar sosiale media, ikkje berre som privatperson, men og som tilsett i Bømlo kommune.

Difor ynskjer kommunen gjennom denne rettleiaren å gje gode råd om korleis ein som tilsett og privatperson bør opptre når ein ferdast i sosiale media. Den er delt i to. (A – alle tilsette og B – offisiell). Første del tek for seg korleis tilsette i Bømlo kommune opptre i sine nettverk og skil sine roller som tilsett og privatperson. Den andre delen tek for seg korleis me skal forhalde oss på våre offisielle kontoar i dei sosiale media. Her er det viktig at me deltek og skapar engasjement på kontoane våre.

A) *Tilsette sin bruk av sosiale media*

1. Ver gjerne aktiv i faglege diskusjonar. Det er kjekt om du støttar opp om våre mål og visjonar.
2. Opptre på same måte som du ville gjort elles i kvardagen. Bruk sunn fornuft.
3. Ver bevisst på rolla di som tilsett i Bømlo kommune.
4. Vurder om du skal ha kontakt med elevar/brukarar/pårørande i sosiale media som m.a. Facebook eller MSN. I så fall, tenk på korleis du opptre.
5. Tilsette har ytringsfridom, men teieplikta gjeld også i dei sosiale media.
6. Ver open om kor du jobbar.
7. Presiser at du ytrar deg som privatperson og ikkje på vegne av Bømlo kommune – dvs som tilsett.
8. Førespurnader direkte til Bømlo kommune skal svarast på av administratorane av dei ulike kontoane.
9. Husk at Internett er permanent, det kan vere vanskeleg å slette det du har posta/sagt.
10. Er du i tvil, send ein e-post til web-ansvarleg: siso@bomlo.kommune.no

B) Kommunen sine offisielle kontoar

1. Ver til stades, delta i debatten. Hugs at du alltid representerer kommunen
2. Svar alltid ved faktafeil eller på spørsmål om kommunen sine tenester og tilbod.
3. Svar på positive kommentarer, sei takk.
4. Det er ikkje naudsynt å svare på nøytrale kommentarar, men det er lov å gjere det.
5. Forsøk og å svara på negative kommentarar
6. Tilpass svaret ut i frå avsendar, form og innhald. Sakleg? Humoristisk? Formell?
7. På generelle spørsmål svarer du utan å signere med namn/tittel, men som Bømlo kommune.
8. Ved svar på faglege spørsmål, bruk fullt namn og tittel (t.d verksemdsleiar og eining)
9. På spørsmål som krev sakshandsaming/arkivering må innsendaren gjerast merksam på at det må sendast ein formell førespurnad.
10. Politiske førespurnadar skal alltid synast til politisk nivå.

Det er viktig å vere klar over følgjande:

- Det er innhaldet, ikkje kanalen som avgjer om noko er arkiverdig. Dette betyr at meir spesifikke spørsmål på Facebook eller Twitter om til dømes søknadar om økonomisk støtte o.l vert synt til rette einingar/vedkomande ved å gi kontaktinformasjon til e-postadresse.
- Det skal ikkje drivast sakshandsaming i sosiale media.
- Sosiale media er offentlege arenaer. Bruk difor sosiale media på ein slik måte at du ikkje kjem i konflikt med arbeidslivets og forvaltninga sine spelereglar, jmf. Arbeidsmiljøloven og forvaltningsloven.
- Hald deg innanfor lov- og avtaleverk om injurier, opphavsrett og tryggleik.

Hugs:

I dei sosiale media vert ofte skilje mellom rolla di som profesjonell og som privatperson viska ut. Sjølv om du ser på din Facebook-profil som privat, syner ei rad avisoppslag dei siste åra at det ein seier her kan bli førstesideoppslag i avisa. Media føl med på kva myndigheitspersonar er i dialog med i dei sosiale media og kva man uttalar seg om.

Bømlo kommune som arbeidsgjevar oppmodar alle tilsette som brukar sosiale media til å opp-
tre på ein måte som tek i var truverde ditt og integritet som fagperson, og som tilsett i Bømlo
kommune. Gå ikkje inn i ein diskusjon der deltakinga di eller utsegnene dine kan skade tru-
verde ditt eller omdømme til Bømlo kommune. Bruk gjerne Facebook til fagleg oppdatering.
Du må sjølv gjere ei vurdering av rolla di før du deltek i facebookaksjonar.

Sei i frå!

Meld frå til leiaren din dersom du som tilsett i Bømlo kommune kjem over bloggar,
kommentarfelt eller liknande der det blir sett fram påstandar om Bømlo kommune som kan
skade våre verksemder, politikarar eller tilsette.

*Våre etiske retningsliner nedfelt i [Etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Bømlo kommune](#) er eit rammeverk for bruk av sosiale media. Me presiserer at denne type rettleiing
naturligvis vil kunne endrast ut i frå at sosiale media endrar seg over tid.*

*Dette ser vi på som ei rettleiing som skal leie oss på rett veg, ikkje tvinge oss inn i ei
einvegskøyrt gate. Det vil alltid vere rom for tolking og vurdering i kvart einskild tilfelle. Husk at
dialog på nett blir uforståeleg om svar ikkje kjem straks!*

*(«Rettleiar for bruk av Sosiale media i Bømlo kommune» tek utgangspunkt i DIFI's «Veileder i sosiale medier for offentlig forvaltning» og har
henta inspirasjon frå Utsira kommune, Finnmark og Rogaland fylkeskommune).*

